

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 18.06.2026
Tid: Kl. 12:00 - 16:00

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Ann Sissel Austgulen	AP
Anne Merete Takle	AP
Gro Sissel Dale	AP
Hildur Akse	AP
Kjell Eide	AP
Per Egil Akse	AP
Thea Pedersen Johannesen	AP
Eva Mette Høie	H
Øyvind Høie	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP
Inger Hauken	SP
John Gerick Bårøy	SP
Karin Tønning Hatløy	SP
Morten Askvik	SP

Forfall meldt frå følgjande medlem	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Christian Hatlem Skår	AP		
Jan Arvid Støyva	AP	Andreas Kolgrov	AP
Geir Helge Nordstrand	H		

Merknader:

Andre møtande:

Kommunalsjefane Rolf Horne, Hildegunn Hatlem, Gaute Lundeland og Elin Garnes Solås.

Linnea Holsen Meier og Idar Førde Blom deltok i sak 26/030.

Møtereferent: Elin Garnes Solås

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/021	Godkjenning av innkalling
26/022	Godkjenning av sakliste
26/023	Godkjenning av protokoll frå førre møte
26/024	Referat- og orienteringssaker
26/025	Spørjetimen
26/026	Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2025
26/027	Forvaltningsrevisjon beredskap
26/028	Budsjettkontrollrapport 1. kvartal 2026
26/029	Fastsetting av økonomiske måltal for økonomiplanen 2027-2030 - ny handsaming
26/030	Slutthandsaming - Kommuneplan sin samfunnsdel 2026-2036

26/021: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

KOMM- 26/021 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

26/022: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

KOMM- 26/022 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

26/023: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

KOMM- 26/023 VEDTAK:

Protokollen frå møte 7.5.2026 vart godkjent slik den ligg føre.

26/024: Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

Flott presentasjon av Ukraina ved Karyna og Roman Kharytonov og Bogdan Dimov.

Kenneth Bruvik frå Framtidshavet orienterte om problem frå plast og "Hald Sognefjorden rein".
Båten EPOS kjem til Hyllestad 8.9.2026, ønskje om godt oppmøte denne dagen. Sjølv ryddedagen i 2026 er 10.9.

Mowi v/Arne Kvalvik (miljø- og myndigheitskontakt) orienterte om "Akvakultur i Hyllestad

kommune”, bekymring knytt til marint vern av Sognefjorden.

Hyllestad vekst - presentasjon av sluttrapport v/Arlen Solheim. Prosjektet er avslutta og godkjent av Fylkeskommunen. Prosjektet vil kunne gje eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling og oppfølging.

Orienteringar frå ordførar - slik er stoda no, mykje positivitet:

- Tersan Havyard, fått nyleg vedteke reguleringsplan, skal bygge ut dokk, står framom store investeringar og stor aktivitet.
- Bustadprosjektet “Bygg og bu i Hyllestad” er i startfasen, vil vere eit viktig prosjekt, m.a. i samarbeid med Husbanken.
- Godt belegg på Hotell Sognefjord og Sogn hostel.
- Sommarjobb - vi har gitt tilbud til 36, målt i forhold til vår målestokk er vi best i landet!
- Opna ny 2. etg. i kommunehuset -m.a. nyoppussa bibliotek.
- Nytt servicebygg i Kvernsteinsparken 6. juni.
- Nær full utbygging av breiband i kommunen (Porten manglar)
- Ladestasjon på Rysjedalsvika er under planlegging.
- Parkeringsplass Hamneparken er på gang, start tidleg haust.
- Hyllestad kommune - organisasjon:
 - God dekning omsorg - utgreiingsprosjekt pågår
 - God arbeid med samfunnsplan/arealplan
 - Legedekning ok
 - Fysioterapeutdekning ok
 - Psykolog/helsesøster/jordmor på plass
 - Auke i tal fødsler
 - God skule og barnehage
- Festivalar og opningar:
 - Sommargry
 - Kvernsteinsmarknaden
 - Sognefjordfestivalen
 - Midvestenfestivalen i Handalen
 - Skifjorddagen
 - Opning av Hamneparken
 - Norvald Tveit, jubileumoppstart, det er søkt støtte
 - Får vi første verdsmeister i biljard?
- Besøk av fylkesordføraren til Lihestprsjektet, Indrefjord gard og opninga i Hamneparken

Nokre utfordringar framover:

- Utfordring knytt til tannlegekontor, kva skjer der?
- Fylkesvegar og busskur, Arve Helle var med i formannskapet
- Brannstasjon
- Ekspressbåten flytta til Hardbakke??? Kva med Rysjedalsvika?
- Kommunale vegar
- Driftsstasjon Eide, kva der?
- Drosje i staden for buss, einerett
- Sum-utviding i Staurdalen,
- HUP - får for lite straum
- Salbu produksjon - synfaring med NVE og grunneigar, dei har søkt løyve til å ta ut vatn,
- Lutelandet - store ting på gang,
- Ambulansetenesta, nedsett nemnd for å utgreie arbeidet saman med Helse Førde

Orientering om kontrollutvalsmøte v/Inger Hauken.

Kontrollutvalet fekk orientering om barnevernet, oppfølging knytt til forvaltningsrevisjon

omsorg, nyleg gjennomført forvaltningsrevisjon knytt til beredskap, neste forvaltningsrevisjon er investeringar.

Spørsmål frå SP v/Morten Askvik knytt til når ein skal flagge for Pride.

Svar: Tidlegare har ein bestemt ein dag (i år er paraden lørdag 27. juni).

KOMM- 26/024 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

26/025: Spørjetimen

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

KOMM- 26/025 VEDTAK:

Ingen spørsmål til møtet.

26/026: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding for 2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2025 slik den ligg føre.

Administrasjonsutvalet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

ADMU- 26/007 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2025 slik den ligg føre.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/056 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2025 slik den ligg føre.

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

Kommunedirektøren gjekk gjennom årsrekneskapen, kort gjennomgang av KOSTRA-tala.

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteken.

KOMM- 26/026 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2025 slik den ligg føre.

26/027: Forvaltningsrevisjon beredskap

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om beredskap vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
 - a. Oppdatere heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)
 - b. Sikre at oppdatering, evaluering og dokumentasjon av beredskapsarbeidet vert følgt opp i vidare utvikling av planverk og styringssystem
 - c. Ferdigstille beredskapsplanar og risikovurderingar som er under arbeid
 - d. Etablere årshjul og rutinar for risikovurdering, øving og evaluering
 - e. Samle varslings- og koordineringsrutinane med eksterne aktørar i beredskapsplanen
 - f. Lage og gjennomføre øvingsplan for heile beredskapsorganisasjonen
 - g. Sikre at erfaringar og læringspunkt frå øvingar og hendingar vert nytta til å oppdatere og vidareutvikle beredskapsplanen
3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2027.

Uttale til kommunestyret:

Kontrollutvalet viser til tilbakemelding frå kommunedirektøren om framdrift for arbeidet med risiko og sårbarheitsanalyse i 2027. Kommunestyret bør vurdere om dette er tilfredstillande, og om naudsynt sikre at det er ressursar til raskare framdrift

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

Kommunestyret ber om at det vert vurdert om det er behov for ekstra midlar til ROS-arbeidet, og dette eventuelt kjem opp som sak i samband med budsjettet for 2027, eller tidlegare.

Det vart røysta over framlegg til vedtak, samt tilleggsframlegg frå SP v/Morten Aksvik, som vart samrøystes vedteke

KOMM- 26/027 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek følgjande:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om beredskap vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
 - a. Oppdatere heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)
 - b. Sikre at oppdatering, evaluering og dokumentasjon av beredskapsarbeidet vert følgt opp i vidare utvikling av planverk og styringssystem
 - c. Ferdigstille beredskapsplanar og risikovurderingar som er under arbeid
 - d. Etablere årshjul og rutinar for risikovurdering, øving og evaluering
 - e. Samle varslings- og koordineringsrutinane med eksterne aktørar i beredskapsplanen
 - f. Lage og gjennomføre øvingsplan for heile beredskapsorganisasjonen
 - g. Sikre at erfaringar og læringspunkt frå øvingar og hendingar vert nytta til å oppdatere og vidareutvikle beredskapsplanen
3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 1.4.2027.
4. Kommunestyret ber om at det vert vurdert om det er behov for ekstra midlar til ROS-arbeidet, og dette eventuelt kjem opp som sak i samband med budsjettet for 2027, eller tidlegare.

26/028: Budsjettkontrollrapport 1. kvartal 2026

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner budsjettkontroll for 1. kvartal 2026 og vedtek følgjande budsjettendringar for økonomiplanen 2026-2029:

Nye vedtak for økonomiplanen 2026-2029, erstattar vedtak 1-4 og 10 i KOMM 25/083:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på kr **157 592 000**. Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"
2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på kr **10 818 000**. Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"
3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2026 vert sett til kr **9 553 000**
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på kr **9 553 000** til å refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.

10. Det vert sett av til disposisjonsfondet i 2026 med kr. **12 797 000**

Beløp i 1000 kr.

Sektor	Endringar drift pr. 1. kvartal 2026	2026	2027	2028	2029
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 360 barnevern	1 600			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 370 omsorg / institusjonslokale	610			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 356 flyktningtenesta	500			
Ansvar 900	Auke i integreringstilskot (andre statstilskot)	-2 990	-2 160	-1 670	-840
	Netto endringar	-280	160	670	-840

Løyvingane vert finansiert ved ekstra inntekter (integreringstilskot) og netto overskot vert avsett til disposisjonsfondet med kr. **-280 000**

Sektor	Endringar lån til vidare utlån	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Auke i ramma til startlån	5 000

Lån til vidare utlån gjennom ordninga med startlån, som vert tatt opp i Husbanken med kr. **5 000 000**.

Sektor	Endringar investering	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Prosjekt Hyllestad kyrkjetårn utvendig tiltak taktekke	Prosjektet kan også inkludere måling innanfor løyvd ramme
Helse og omsorg	Prosjekt kjøp av tørketrommel	Prosjektet blir omdisponert til kjøp av industrivaskemaskin og ramma vert auka med 50

(Totalramme er då 175)

Helse og omsorg	Nytt prosjekt "Oppgradering 2 leilegheiter Sørvisbygget Eiklund"	Ramme 150
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2135 Nødlis og brannvarsling Hyllestad skule	Ramma vert auka med 115. (Totalramme er då 885)
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2056 sentrumstiltak Hyllestad	Ramma vert auka med 120

Løyvingane vert finansiert ved ekstra låneopptak med totalt **kr. 435 000**

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/057 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner budsjettkontroll for 1. kvartal 2026 og vedtek følgjande budsjettendringar for økonomiplanen 2026-2029:

Nye vedtak for økonomiplanen 2026-2029, erstattar vedtak 1-4 og 10 i KOMM 25/083:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på **kr 157 592 000**. Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"
2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på **kr 10 818 000**. Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"
3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2026 vert sett til **kr 9 553 000**
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på **kr 9 553 000** til å refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.

10. Det vert sett av til disposisjonsfondet i 2026 med **kr. 12 797 000**

Beløp i 1000 kr.

Sektor	Endringar drift pr. 1. kvartal 2026	2026	2027	2028	2029
Oppvekst og kultur	Løyving til Hyllestadfondet	161			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 360 barnevern	1 600			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 370 omsorg / institusjonslokale	610			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 356 flyktningtenesta	500			
Ansvar 900	Auke i integreringstilskot (andre statstilskot)	-2 990	-2 160	-1 670	-840
	Netto endringar	-119	-2 160	-1 670	-840

Løyvingane vert finansiert ved ekstra inntekter (integreringstilskot) og netto overskot vert avsett til disposisjonsfondet med **kr. -119 000**

Sektor	Endringar lån til vidare utlån	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Auke i ramma til startlån	5 000

Lån til vidare utlån gjennom ordninga med startlån, som vert tatt opp i Husbanken med **kr. 5 000 000**.

Sektor	Endringar investering	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Prosjekt Hyllestad kyrkjetårn utvendig tiltak taktekke	Prosjektet kan også inkludere måling innanfor løyvd ramme
Helse og omsorg	Prosjekt kjøp av tørketrommel	Prosjektet blir omdisponert til kjøp av industrivaskemaskin og ramma vert auka med 50 (Totalramme er då 175)
Helse og omsorg	Nytt prosjekt "Oppgradering 2 leilegheiter Sørvisbygget Eiklund"	Ramme 150
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2135 Nødlis og brannvarsling Hyllestad skule	Ramma vert auka med 115. (Totalramme er då 885)
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2056 sentrumstiltak Hyllestad	Ramma vert auka med 120

Løyvingane vert finansiert ved ekstra låneopptak med totalt **kr. 435 000**
Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

Det vart røysta over framlegga til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 26/028 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner budsjettkontroll for 1. kvartal 2026 og vedtek følgjande budsjettendringar for økonomiplanen 2026-2029:

Nye vedtak for økonomiplanen 2026-2029, erstattar vedtak 1-4 og 10 i KOMM 25/083:

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd» som syner ei samla løyving på kr **157 592 000**. Løyvinga vert fordelt mellom sektorane jf. vedlegg "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd"
2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjettet i samsvar med skjema "Løyvingsoversikt investering etter 5-5 første ledd", som syner ei samla løyving på kr **10 818 000**. Løyvinga vert fordelt mellom prosjekt jf. vedlegg "Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd"
3. Kommunestyret vedtek at ramma for opptak av lån til investeringar i 2026 vert sett til kr **9 553 000**

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån på kr **9 553 000** til å refinansiere lån og godta rentevilkår og andre vilkår for nye lån, samt signere lånedokument, jf. Økonomi- og finansreglementet.

5. Det vert sett av til disposisjonsfondet i 2026 med kr. **12 797 000**

6. Det vert løyvd 161 488 kr. til Hyllestadfondet. Midlane er identisk med løyvde midlar i 2025 men som ikkje er utbetalt.

Beløp i 1000 kr.

Sektor	Endringar drift pr. 1. kvartal 2026	2026	2027	2028	2029
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 360 barnevern	1 600			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 370 omsorg / institusjonslokale	610			
Helse og omsorg	Auke i ramma til ansvar 356 flyktningtenesta	500			
Ansvar 900	Auke i integreringstilskot (andre statstilskot)	-2 990	-2 160	-1 670	-840
	Netto endringar	-280	-2 160	-1 670	-840

Løyvingane vert finansiert ved ekstra inntekter (integreringstilskot) og netto overskot vert avsett til disposisjonsfondet med kr. **-280 000**

Sektor	Endringar lån til vidare utlån	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Auke i ramma til startlån	5 000

Lån til vidare utlån gjennom ordninga med startlån, som vert tatt opp i Husbanken med kr. **5 000 000**.

Sektor	Endringar investering	Endring 1. kvartal 2026
Sentraladministrasjonen	Prosjekt Hyllestad kyrkjetårn utvendig tiltak taktekke	Prosjektet kan også inkludere måling innanfor løyvd ramme
Helse og omsorg	Prosjekt kjøp av tørketrommel	Prosjektet blir omdisponert til kjøp av industrivaskemaskin og ramma vert auka med 50 (Totalramme er då 175)
Helse og omsorg	Nytt prosjekt "Oppgradering 2 leilegheiter Sørvisbygget Eiklund"	Ramme 150
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2135 Nødlis og brannvarsling Hyllestad skule	Ramme vert auka med 115. (Totalramme er då 885)
Samfunnsutvikling og teknisk drift	Prosjekt 2056 sentrumstiltak Hyllestad	Ramme vert auka med 120

Løyvingane vert finansiert ved ekstra låneopptak med totalt kr. **435 000**

26/029: Fastsetting av økonomiske måltal for økonomiplanen 2027-2030 - ny handsaming

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Økonomiske måltal for økonomiplanperioden 2027-2030

1 Drift:

Kommunen skal i økonomiplanperioden ha eit netto driftsresultat på minimum **0,5% av brutto driftsinntekter**. På lang sikt er målet 2,0 %. Resultatet skal sikre finansiering av avdrag, bidra til eigenfinansiering av investeringar og byggje økonomiske bufferar.

2 Disposisjonsfond:

Kommunen skal byggje opp og halde eit disposisjonsfond på minimum **8% av brutto driftsinntekter**. I økonomiplanperioden skal fondet byggast, ikkje svekkast. Disposisjonsfondet skal primært nyttast til å handtere mellombelse svingingar, uventa hendingar og omstillingsbehov, og ikkje til varig finansiering av drift.

3 Gjeld:

Kommunen skal ha eit langsiktig berekraftig gjeldsnivå. Netto lånegjeld bør over tid ikkje overstige 75% av brutto driftsinntekter. Dersom gjeldsgraden ligg over dette nivået, skal økonomisk planlegging byggje på skjerpa krav til netto driftsresultat, fondsnivå og risikovurderingar. Det vil ta mange år før kommunen har kome ned på måltalet. For økonomiplanperioden er det mål om at gjeldsgraden ikkje skal overstige **112 %** (gjennomsnitt to første år). Ved slutten av økonomiplanperioden skal gjeldsgraden ikkje overstige **106 %** (gjennomsnitt 2 siste år).

Dei økonomiske styringsmåla skal leggjast til grunn for prioriteringar i økonomiplan og årsbudsjett.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/058 VEDTAK:

Økonomiske måltal for økonomiplanperioden 2027-2030

1 Drift:

Kommunen skal i økonomiplanperioden ha eit netto driftsresultat på minimum **0,5% av brutto driftsinntekter**. På lang sikt er målet 2,0 %. Resultatet skal sikre finansiering av avdrag, bidra til eigenfinansiering av investeringar og byggje økonomiske bufferar.

2 Disposisjonsfond:

Kommunen skal byggje opp og halde eit disposisjonsfond på minimum **8% av brutto driftsinntekter**. I økonomiplanperioden skal fondet byggast, ikkje svekkast. Disposisjonsfondet skal primært nyttast til å handtere mellombelse svingingar, uventa hendingar og omstillingsbehov, og ikkje til varig finansiering av drift.

3 Gjeld:

Kommunen skal ha eit langsiktig berekraftig gjeldsnivå. Netto lånegjeld bør over tid ikkje overstige 75% av brutto driftsinntekter. Dersom gjeldsgraden ligg over dette nivået, skal økonomisk planlegging byggje på skjerpa krav til netto driftsresultat, fondsnivå og risikovurderingar. Det vil ta mange år før kommunen har kome ned på måltalet. For økonomiplanperioden er det mål om at gjeldsgraden ikkje skal overstige **112 %** (gjennomsnitt to første år). Ved slutten av økonomiplanperioden skal gjeldsgraden ikkje overstige **106 %** (gjennomsnitt 2 siste år).

Dei økonomiske styringsmåla skal leggjast til grunn for prioriteringar i økonomiplan og årsbudsjett.
Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 26/029 VEDTAK:

Økonomiske måltal for økonomiplanperioden 2027-2030

1 Drift:

Kommunen skal i økonomiplanperioden ha eit netto driftsresultat på minimum **0,5% av brutto driftsinntekter**. På lang sikt er målet 2,0 %. Resultatet skal sikre finansiering av avdrag, bidra til eigenfinansiering av investeringar og byggje økonomiske bufferar.

2 Disposisjonsfond:

Kommunen skal byggje opp og halde eit disposisjonsfond på minimum **8% av brutto driftsinntekter**. I økonomiplanperioden skal fondet byggast, ikkje svekkast. Disposisjonsfondet skal primært nyttast til å handtere mellombelse svingingar, uventa hendingar og omstillingsbehov, og ikkje til varig finansiering av drift.

3 Gjeld:

Kommunen skal ha eit langsiktig berekraftig gjeldsnivå. Netto lånegjeld bør over tid ikkje overstige 75% av brutto driftsinntekter. Dersom gjeldsgraden ligg over dette nivået, skal økonomisk planlegging byggje på skjerpa krav til netto driftsresultat, fondsnivå og risikovurderingar. Det vil ta mange år før kommunen har kome ned på måltalet. For økonomiplanperioden er det mål om at gjeldsgraden ikkje skal overstige **112 %** (gjennomsnitt to første år). Ved slutten av økonomiplanperioden skal gjeldsgraden ikkje overstige **106 %** (gjennomsnitt 2 siste år).

Dei økonomiske styringsmåla skal leggjast til grunn for prioriteringar i økonomiplan og årsbudsjett.

26/030: Slutthandsaming - Kommuneplan sin samfunnsdel 2026-2036

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Hyllestad kommunestyre Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036.

Formannskapet 11.06.2026

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 26/055 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Hyllestad kommunestyre Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036 med tilleggspunkt:

- Side 7 - Mål 1 - Punkt 1: Endre "Legge til rette for naturstiar på Hyllestad..." til "naturstiar i Hyllestad"
- Side 8 - Mål 5 - Punkt 4: Endre "...på tvers av.." til "...i eigen kommune og på tvers av kommunegrenser.."
- Side 11 - 6.3. Strategiar - Punkt 2: "...arealrekneskap.." sikre at opplysningar i gammal arealplan vert overført til ny. Om det er endringar, ta kontakt med aktuelle grunneigarar i forkant av ny plan.

Handsaming:

Det vart røysta over tilrådinga frå formannskapet, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 26/030 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Hyllestad kommunestyre "Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2036".